

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FE - 231	17/984

Saknr	Utval	Type	Dato
102/2017	Formannskapet	PS	07.11.2017

Barnehagesatsar 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Barnehagesatsane vert auka til kr 2730,- frå 1. april 2018. Syskenmoderasjonen vert uendra.

Saksopplysningar:

Bakgrunn/ Fakta/ Vurdering

Kommunestyret auka i budsjetthandsaminga i fjor barnehagesatsane med 2,5 % til kr. 2455 pr.månad, gjeldande frå 1. april 2017.

Samstundes sa ein at samordning av syskenmoderasjonen med SFO skal gjelda slik det vart vedteke i kommunestyresak 37/2015.

Frå 1. mai 2015 er det som kjent gjort endringar i «Forskrift om foreldrebetaling i barnehage». Frå no av skal ingen hushald betala meir enn 6 % av inntekta si for ein barnehageplass. Frå 1. august 2016 vart det også innført gratis kjernetid for 3-, 4- og 5-åringar frå familiar med låg inntekt. Barna får tilbod om 20 timar gratis barnehage pr. veke dersom familien har ei inntekt på under kr 450000. Begge desse ordningane verkar inn på kor mykje me får inn i foreldrebetaling.

Masfjorden kommune har hatt som politikk at barnehagesatsane våre skal ligga under maksimalprisen. Men utgiftene til barnehagar aukar mykje, m.a. fordi kommunestyret har gjort vedtak om at me skal ha løpande opptak gjennom året. Me veit heller ikkje om våre barnehagesatsar har ført til at familiar flytter hit. Økonomien for dei foreldre som har minst inntekt, vert teken omsyn til i dei statlege ordningane.

Barnehagane er svært mykje nytta, berre ei fåtal barn som har fylt 2 år går ikkje i barnehage. Ein auke på 2,5 % slik me la inn i fjor ville ført til kr 2516 pr mnd, ein auke pr kr 61 pr. mnd. Maksimalprisen for 2017 er kr 2730,- pr mnd. Maksimalprisen for 2018 vil vera om lag 100 kr meir pr. mnd, så me vil framleis ligga godt under den. Dersom me går inn for å auka barnehageprisen til kr 2730,-, vil auken i foreldrebetaling pr. mnd vera kr 275,-. Det er ein auke på 11,2 %.

Rådmannen trur ikkje at det blir færre som nyttar barnehagen sjølv om me aukar satsane så mykje. Me har barnehagar med eit godt pedagogisk tilbod. Utgifter til barnepass kan som før trekkast frå inntekta i sjølvmeldinga. Det er òg vanskeleg å seia kor mykje inntekta til barnehagane vil stiga, men eit grovt overslag vil seia om lag kr 200000.

Konklusjon

Barnehagesatsane vert auka til kr 2730,- frå 1. april 2018. Syskenmoderasjonen vert uendra.

Formannskapet - 102/2017**FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Barnehagesatsane vert auka til kr 2730,- frå 1. april 2018. Syskenmoderasjonen vert uendra.